



Påmelding til leksehjelpordninga 2011-2012

- Leksehjelp er eit gratis tilbod på skulen til elevar i 1.-4. klasse.
- Det blir ei eller to grupper på kvart årssteg.
- Tider for 1. og 2. steg: 13:15-14:15 måndag og onsdag.
- Tider for 3. og 4. steg: 14:00-15:00 måndag og onsdag.
- Dei første 15 minuttane får elevane fysisk aktivitet ute for å bli "klarare i toppen" til leksearbeidet.

Realistiske forventningar – kva gir best læringsresultat for barnet dykkar?

- Me har dyktige medarbeidarar som står for leksehjelpordninga her på Langeland. Dei gjer ein heilhjarta innsats innafor dei praktiske rammene ordninga har.
- Me ber likevel om at kvar heim vurderer nøye om kva som gir best lærings-resultat for barnet dykkar: Leksehjelp på skulen eller heime?
- Leksehjelp heime med foreldre kan i ein del tilfelle gje betre arbeidsvanar, betre ro og betre læringsresultat enn leksehjelpordninga på skulen.
- Leksehjelpa passar for elevar som fint klarar å konsentrera seg i ein slik setting, men som kan trenga litt hjelp frå ein vaksen av og til.
- **MERK:** Sjølv om barnet har gjort lekser på skulen, må heimen framleis kontrollera lekse og høyra dei i leseleksene.

Paktisk om leksehjelpordninga

- Leksehjelp er gratis, men med bindande påmelding.
- Norm for ordninga: Maksimalt 28 elevar med ein leksehjelpar (assistent eller fagarbeidar) på kvar gruppe.
- Den vaksne på leksehjelp-gruppa brukar tida si på å hjelpa elevar med leksene.
- Barnet dykkar treng arbeidsro i leksehjelpgruppa – difor krev me også at barnet dykkar tek omsyn til arbeidsro for dei andre.
- Er det greitt for dykk at eleven går heim når han/ho er ferdig med leksene sine, skriv "Ja" på svarslippen for dette.
- For å be fri frå leksehjelp ein dag: Skriv melding i meldingsboka. Eleven må visa meldinga på leksehjelp før han/ho går heim.
- Dersom eleven skal slutta på leksehjelp: Skriv melding i meldingsboka.

Svarfrist tysdag 25. august:

Påmelding leksehjelpordning Langeland skule

Namn på eleven: Klasse:

Har eleven lov til å gå heim når han/ho er ferdig med leksene? (ja/nei)

Føresette si underskrift: Dato: